



Møteprotokoll

Utval: Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 29.01.2008
Tidspunkt: 13:00 - 14:45

Følgjande medlemmer møtte:

Rune Sandvik, leiar
Helga Auestad
Kjell Magnar Helland
Lars Rydland

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Torstein Grimen, nestleiar

Følgjande varamedlemmer møtte:

Tor Henning Vestbøstad

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Lovise Vestbøstad, plansjef
Turid Verdal
Torgeir Steien,
Bente Haugland Oppedal, utvalssekretær



Rune Sandvik
leiar

Lars Rydland

Tor Henning Vestbøstad



Bente Haugland Oppedal

Sakliste:

- PS 001/08 Godkjenning av protokoll
PS 002/08 Saker handsama etter delegering
PS 003/08 2 Gongs handsaming av framlegg til reguleringsplan for 300 kV kraftline frå Midtfjellet Vindpark og til kommunegrensa.
PS 004/08 Arkitektkontoret Nord AS for Per Terje Bolstad vedk. Søknad om tillatelse til tiltak vedk. hytte og bod 52/83 Bøkjenese
PS 005/08 Knut Bjordal for Anna Bjordal vedk. søknad om løyve til tiltak vedk brygge og planering av nedre del av tomt 83/2
PS 006/08 Ingebrigt S. Kleppe - søknad om frådellinga av to parsellar får gnr. 17/1 - Engesund i Fitjar kommune.
PS 007/08 Søknad frå Knut-Bjørn Andersen om frådelling av tomt ril bustadføremål av gnr. 50 bnr. 7 av Hovstad
PS 008/08 Bertin Skumsnes - søknad om frådelling av ein hyttepasell får gnr. 14/4 - Sørfonden på Fonno i Fitjar kommune.
PS 009/08 Søknad om deling av gnr. 21 bnr. 5, Soltun på Siglo - Klage
PS 010/08 Klage på vedtak i sak 117/07 - Småanlegg Koløyholmen
PS 011/08 Ymse

Merknad til innkallinga:

Kjell Magnar Helland ynskjer papira tilsendt i posten.

PS 001/08 Godkjenning av protokoll**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker godkjenner protokoll frå sist møte 27.11.07.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:**Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)**

Som framlegg.

PS 002/08 Saker handsama etter delegering**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker tek delegeringssakene til vitring.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Følgjande saker vert meldt:

DS 157/7 – DS 05/08

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)

Som framlegg.

PS 003/08 2 Gongs handsaming av framlegg til reguleringsplan for 300 kV kraftline frå Midtfjellet Vindpark og til kommunegrensa.**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø/fast utval for plansaker tilrår at Fitjar kommunestyre stadfestar reguleringsplan med tilhøyrande føresegner for 300 kV kraftline frå Midfjellet Vindpark og til kommunegrensa mot Stord i samsvar med plan og bygningslova si § 27-2.1.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Representanten Rune Sandvik kom med forslag om endring i saneringstida:

Med forbehold om saneringstid redusert til to år for 66 kv høgspenlinje frå Årskog til Hustredalen etter at Midtfjellet Vindpark er satt i drift.

Lars Rydland kom med negativ merknad til å godkjenna denne saka mht natur og fugleliv.

Røysting:

Rune Sandvik sitt framlegg vart vedteke 3 mot 2 røyster.

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 : (3 mot 2)

Utval for plan og miljø/fast utval for plansaker tilrår at Fitjar kommunestyre stadfestar reguleringsplan med tilhøyrande føresegner for 300 kV kraftline frå Midfjellet Vindpark og til kommunegrensa mot Stord i samsvar med plan og bygningslova si § 27-2.1.

Med forbehold om saneringstid redusert til to år for 66 kv høgspenlinje frå Årskog til Hustredalen etter at Midtfjellet Vindpark er satt i drift.

PS 004/08 Arkitektkontoret Nord AS for Per Terje Bolstad vedk. Søknad om tillatelse til tiltak vedk. hytte og bod 52/83 Bøkjenesse

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova so § 7 dispenserer utval for plan og miljø/fast utval for plansaker frå i plan regulert byggjeline mot sjø og godkjennar plassering av hytte og uthus slik det er vist i situasjonskart.

Vidare godkjennar utvalet at det med heimel i plan og bygningslova si § 70.2.b vert gjeve løyve til å plassera uthuset 1 meter frå grensa mot gnr. 52 bnr. 24.

Med heimel i plan og bygningslova si § 93 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av hytte og uthus på gnr. 52 bnr. 83 slik det går fram av søknad.

Løyve til igangsetting vert gjeve når manglande ansvarsrettar er på plass.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)
Som framlegg.

PS 005/08 Knut Bjordal for Anna Bjordal vedk. søknad om løyve til tiltak vedk brygge og planering av nedre del av tomt 83/2

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova si § 7, dispenserer utval for plan og miljø/fast utval for plansaker frå vedteken arealbruk i sjø og frå byggjeforbodet etter plan og bygningslova si § 17-2 og godkjenner søknad om planering av nausttomt, fylling i sjø og bygging av kai på gnr. 82 bnr. 2 Engevik.

Løyvet gjeld med følgjande atterhald:

Løyvet er ikkje gyldig før Fylkesmannen si klagefrist er ute, denne er 3 veker frå dei er underretta om vedtaket.

Vidare må Kystverket Vest gje løyve til dei tiltaka som ligg i sjø.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtaket i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)
Som framlegg.

PS 006/08 Ingebrigt S. Kleppe - søknad om frådelinga av to parsellar får gnr. 17/1 - Engesund i Fitjar kommune.

Fitjar kommune ved Fast utval for plansaker/Utval for plan og miljø syner til søknaden, innkomne uttalar frå overordna mynde, vurderingane i saka, og gir dispensasjon frå kommuneplanen (2002-2013) sin arealdel med tilhøyrande planføresegner, samt §17-2 i Plan- og Bygningslova om forbod mot bygging og frådeling i 100-metersbeltet langs sjø. Dette i høve søknad om frådeling av to parsellar frå gnr. 17/1 på Engesund. Parsellane skal innlemmast i eksisterande fritidseigedomar.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 7, 17-2, 20-6, 63 og 93 i Plan- og Bygningslova.

Utval for plan og miljø godkjenner frådelinga, jf. §§ 9 og 12 i Jordlova.

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

1. Den omøkte parsellen/grensejusteringa skal nyttast som tilleggsareal til og føyast saman med fritidseigedomen gnr. 17 bnr. 22 av Hyseberget.
2. Arealet i omsøkt parsell 2 (kaien), skal ikkje endrast, og eigar av gnr 17/1 og gnr. 17/8 skal ha tinglyst rett til bruk av kaien.
3. Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med arbeid på parsellen, skal arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærmare granskning på staden, jf. § 8, 2. ledd i Kulturminnelova.
4. Vedtaket er ikkje gyldig før overordna mynde (Fylkesmannen) har gitt høve til å koma med merknader/klage på tiltaket. Denne fristen er sett til 3 veker etter at Fylkesmannen har motteke saksmappa/utskrift frå møteboka.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtaket i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)
Som framlegg.

PS 007/08 Søknad frå Knut-Bjørn Andersen om frådeling av tomt ril bustadføremaal av gnr. 50 bnr. 7 av Hovstad

Framlegg til vedtak:

Utval for Plan og Miljø/Fast utval for plansaker godkjenner med heimel i §§ 63 og 93 i Plan- og bygningslova og §§ 9 og 12 i Jordlova frådeling av omsøkt bustadtomt på inntil 2,0 dekar frå gnr. 50 bnr. 7 av Hovstad, på følgjande vilkår:

1. Det skal sikrast tinglyst tilkomst fram til den nye eigedomen.
2. Søknad om utsleppsløyve skal søkjar fremja som eiga sak, i samsvar med "Lokal forskrift for bruk av separate avlaupsanlegg" for Fitjar kommune av 10.06.1998.
3. Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i grunnarbeida, må arbeidet stansast og meldast til Fylkeskonservatoren for ei nærare gransking på staden, jfr. Kulturminnelova § 8 2. ledd.

Dersom oppmåling ikkje er rekvirert hjå kommunen innan 3 år, fell delingsløyvet bort, jfr. § 12 i Jordlova og § 96 i Plan- og bygningslova.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008: (samr)
Som framlegg.

PS 008/08 Bertin Skumsnes - søknad om frådeling av ein hyttepasell får gnr. 14/4 - Sørfonden på Fonno i Fitjar kommune.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune ved Fast utval for plansaker/Utval for plan og miljø syner til søknaden, innkomen uttale frå overordna mynde, vurderingane i saka, og gir dispensasjon frå kommuneplanen (2002-2013) sin arealdel med tilhøyrande planføresegner Dette i høve søknad om frådeling av ein parsell frå gnr. 14/4, som inkluderar/medfører at Bertin Skumsnes tek over bnr. 14/37 som erstatning/makebytte for frådelt tomt på Sørfonden, Fonno.

Den nye parsellen skal nyttast til fritidsføremaal.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 7, 20-6, 63 og 93 i Plan- og Bygningslova.

Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker godkjenner frådelinga, jf. §§ 9 og 12 i Jordlova.

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjon:

1. Parsell med gnr. 14/37 skal innlemmast i hovudbruket gnr. 14/4.
2. Jf. § 93 i Plan- og Bygningslova er alle tiltak på parsellen søknadspliktige og turvande løyve skal liggja føre, før oppstart av tiltaket.
3. Søknad om utsleppsløyve frå den frådelte parsellen, skal søkjar fremja som eiga sak, i samsvar med forskrift for bruk av separate avløpsanlegg" for Fitjar kommune av 10.06.1998 og jf. § 66 punkt 2 i Plan- og Bygningslova.
4. Det skal sikrast tinglysing tilkomst/vegrett fram mot parsellen, jf. § 66 punkt 1 i Plan- og Bygningslova.

5. Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med arbeid på parsellen, skal arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærmare gransking på staden, jf. § 8, 2. ledd i Kulturminnelova.
6. Vedtaket er ikkje gyldig før overordna mynde (Fylkesmannen) har gitt høve til å koma med merknader/klage på tiltaket. Denne fristen er sett til 3 veker etter at Fylkesmannen har motteke saksmappa/utskrift frå møteboka.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)
Som framlegg.

PS 009/08 Søknad om deling av gnr. 21 bnr. 5, Soltun på Siglo - Klage

Framlegg til vedtak:

Utval for Plan og Miljø/Fast utval for Plansaker syner til den framsette klagen av 08.01.2008, vurderingane og konklusjonen i saksførelegget, og kan ikkje sjå at det ligg føre grunnar for å ta klagen til følgje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)
Som framlegg.

PS 010/08 Klage på vedtak i sak 117/07 - Småanlegg Koløyholmen

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker syner opprettheld sitt vedtak i sak PS 117/07 – klagen vert ikkje teken til følgje.

Saka vert sendt formannskapet for endeleg avgjerd.

Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008:

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :(samr)
Som framlegg.

PS 011/08 Ymse

Framlegg til vedtak:

Det er komen inn spørsmål frå Vestbøstad Vel om korleis forholda ligg til rette for ei ev båthamn i området. Til eit slikt tiltak må ein ta omsyn til m.a. badeplassar og friområde i nærleiken og utvalet vil koma tilbake til denne saka mht kommuneplanen.

Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 29.01.2008 :